



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
07.11.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/4674 611
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tildelingsbrev Meland kommune - tilretteleggingsmidlar vidareutdanning barnehage - hausten 2017

Fylkesmannen overfører **kr 50 000,-** til Meland kommune, organisasjonsnummer 951549770, kontonummer 1503 18 83722 for vidaresending til barnehagar i samsvar med vedlagte brev. Midlane skal utbetalast til barnehageeigarar som tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning hausten 2017.

Hausten 2017 mottok Fylkesmannen ekstra midlar frå Utdanningsdirektoratet. Vi kan difor gje tilskot til mange som tidlegare har fått avslag.

Kommunen som barnehagemyndigheit sine oppgåver

Fylkesmannen utbetaler første halvdel av beløpet til kommunane hausten 2017. Kommunen overfører midlane til barnehagen der studenten er tilsett. Barnehageeigar skal melde frå til kommunen som barnehagemyndigheit dersom den tilsette sluttar på studiet eller ikkje følgjer planlagt studieprogresjon.

Andre halvdel blir utbetalt våren 2018

For å få utbetalt midlar våren 2018, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følgje studieprogresjonen. Kommunen skal gi beskjed til Fylkesmannen om eventuelle endringar.

Bruk av tilretteleggingsmidlar - Samarbeid om tilrettelegging

Midlane er knytt til den enkelte tilsette sitt studium, og blir difor utbetalt til den barnehagen der den tilsette arbeider. Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar må det avklarast lokalt korleis midlane skal fordelast. Barnehageeigar og studenten må samarbeide om korleis midlane skal brukast.

Midlar skal gå til å dekke faktiske utlegg som den tilsette har hatt og kan dokumentere, og vil då ikkje vere skattepliktige eller utløyse arbeidsgjevaravgift. Dette er utgifter til reise, opphald, semesteravgift, til studiemateriell til det aktuelle studiet, eller andre dokumenterte utgifter.

Som eigenandel i kvalitetsarbeidet bør eigar leggje opp til å gje den tilsette permisjon med løn med vikar etter avtale. Ein bør leggje til rette for permisjon med løn når den tilsette deltek på studiesamlingar og for lese- og eksamensdagar som ikkje inngår i barnehagen sitt permisjonsreglement. Det blir ikkje gitt ekstra tilskot for arbeidsgjevaravgift.

I utgangspunktet skal ikkje midlane utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette. Dersom dette skal skje må *arbeidsgjevar og den tilsette* vert samde om dette, og den tilsette må orienterast om at det utløyer skatteplikt.

Andre vilkår

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevilgingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.